



**Saksbehandlar:** Katrine Kleppe

**Rådmann:** Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/23	Hovudutval teknisk/næring	20.11.2023

## Klage på administrativt vedtak - Småbåthamn/flytebrygge - Gnr. 107 bnr. 1

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Klaga blir ikkje teken til følge.
2. Klaga blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

### Hovudutval teknisk/næring 20.11.2023:

#### Behandling:

Det blei gjennomført synfaring på staden før møtet der 7 av 7 utvalsmedlemmer deltok i tillegg til kommunalsjef Tollefsen og sekretær/einingsleiar Hetlesæter. Søkjar/tiltakshavar var til stades og orienterte om saka.

#### Framlegg til nytt vedtak frå Trond Årre:

1. HTN tek klagen til følge og stiller seg positiv til at det blir gjeve dispensasjon til etablering av flytebrygge og småbåthamn slik det er søkt om.
2. Vedtaket er gjort med heimel i pbl §§ 1-8, 19-2 og 20-3.

#### Grunngjeving:

Anlegget er plassert i tilknytning til eit naustområde der det er langgrunt, og er planlagt for å samla og beskytta båtane mot vér og vind. Det blir ikkje teknisk inngrep i strandsona, tiltaket er i tråd med etablert arealbruk innanfor eit område med langvarig, maritimt bruk og det er etter ei samla vurdering fleire fordeler enn ulemper ved gjennomføring av tiltaket. Omsynet bak regelen det blir søkt om dispensasjon for blir difor ikkje vesentleg sett til side.

Som framlagt av Trond Årre mot éi røyst. Mindretal: Olav Østebø Olsen (SV)

#### **HTN - 070/23 Vedtak**

1. HTN tek klagen til følge og stiller seg positiv til at det blir gjeve dispensasjon til etablering av flytebrygge og småbåthamn slik det er søkt om.

2. Vedtaket er gjort med heimel i pbl §§ 1-8, 19-2 og 20-3.

#### Grunngjeving:

Anlegget er plassert i tilknytning til eit naustområde der det er langgrunt, og er planlagt for å samla og beskytta båtane mot vér og vind. Det blir ikkje teknisk inngrep i strandsona, tiltaket er i tråd med etablert arealbruk innanfor eit område med langvarig, maritimt bruk og det er etter ei samla vurdering fleire fordeler enn ulemper ved gjennomføring av tiltaket. Omsynet bak regelen det blir søkt om dispensasjon for blir difor ikkje vesentleg sett til side.

### **Saksutgreiing**

#### **Samandrag**

Klaga gjeld søknad om småbåthamn/flytebrygge på 24 x 3 meter med landgang på 1 x 7 meter. Utriggerane har ei lengde på 6 meter med eit mellomrom på 2,9 meter til 3,3 meter ytst. Småbåthamna skal ha plass til 7 fritidsbåtar og skal liggja i Oavika. Det blei òg søkt om dispensasjon frå byggeforbodet i strandona, jf. pbl § 1-8 andre ledd, det generelle plankravet i KPA § 2.2.1 og arealføremålet friluftsområde i sjø. Småbåthamna har ein storleik på 216 m<sup>2</sup> i BYA.

#### **Nye opplysningar**

Ansvarleg søker og tiltakshavar har stadfesta at dei opprettheld klaga og vil ha ho handsama slik ho ligg føre. Opphavleg sakspapir er vedlagd.

#### **Saks- og faktaopplysningar**

Eigedomen er ikkje regulert og er i Sveio kommune sin arealplan sett av til naustføremål på land og i sjøen er arealet sett av til småbåthamn langs kysten og friluftsområde i sjø. I Sveio kommune sin kulturminneplan er området sett av til «bevaring kulturmiljø». Saka er ikkje sendt på høyring til offentlege mynde. Tiltakshavar søkte om løyve 30. mai og fekk avslag 1. august. Ho klaga 21. august.

#### **Samandrag av klaga**

Klagar hevdar at dei ønskjer å etablere eit felles anlegg for alle partar i Oavika og at dette vil vera ein fordel. Ho meiner at småbåthamna ikkje vil vera privatiserande og at ein legg til rette for rekreasjon med fritidsbåt for fastbuande og hyttefolk i Oavika. Det skal vera 7 personar med i eit båtlag. Klagar ønskjer at området som småbåthamna skal liggja i skal takast med som eit innspel til arbeidet med ny kommunearealplan, slik at dette kan endrast til arealføremålet småbåthamn. Føremålet med båtanlegget er å laga eit fellesanlegg i staden for at kvar nausteigar skal ha si brygge.

#### **Vurdering**

Klaga er framsett rettidig og må handsamast på grunnlag av saksopplysningane og reglane i pbl og forvaltningslova (fvl).

Etter pbl. §19-2 andre ledd skal det vera høg terskel for å gje dispensasjonar. Det er dei overordna planane som kommunen skal styra arealbruken etter, ikkje gjennom enkeltvise dispensasjonar. Meininga med dispensasjonar er at dei berre skal gjevast unntaksvis for dei særskilde tilfella der fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene.

Årsaka til at tiltakshavar har fått avslag på søknaden sin er at tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande arealføremål friluftsområde i sjø, byggeforbodet i strandsona og at plankravet i KPA 2.2.1 gjer seg gjeldande. Anlegget er 216 m<sup>2</sup> BYA med plass til 7 båtar, det vil liggja tett på ei badestrand og omsynssone for bevaring av kulturmiljø. Eit viktig spørsmål i denne saka er om småbåthamna vil gje auka båttrafikk i nærleiken av badestrand, og om dette kan trengja ålmenta og badande vekk frå Oavika. Dette er tilhøve som er best eigna å utgreia i ein reguleringsplan eller i ny KPA.

Dette tiltaket er stort dersom ein samanliknar det med den vanlege storleiken på ei flytebrygge som etter KPA §3.6.17 er «10 m2, med ein maks breidde på 2 m». Småbåthamna må anten med i ny KPA eller ha ein reguleringsplan. Dersom det hadde blitt gjeve dispensasjon til eit tiltak på heile 216 m2 i strandsona med så tett nærleik til ei badestrand, vil ein setja byggeforbodet i pbl § 1-8 andre ledd, plankravet i KPA og omsyna bak arealføremålet friluftsområde i sjø vesentleg til side.

#### **Rådmannen sin konklusjon**

Med bakgrunn i vurderinga over rår rådmannen til at klagen ikkje blir teken til følgje. Saka blir difor sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

#### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

- Plan og bygningslova
- Lov om kulturminner
- Forvaltningslova
- KPA til Sveio kommune

#### **Vedlegg:**

Klage på administrativt vedtak – Småbåthamn/flytebrygge – Gnr. 107 bnr. 1

1 Søknad om tiltak

2 Dispensasjonssøknad

3 Situasjonsplan

4 Teikning

5 Administrativt vedtak

6 Klage på vedtak

Opprettheld klage